

**Referat 08.12.2020**

|                    |   |                           |  |
|--------------------|---|---------------------------|--|
| <b>Dok. ref.:</b>  | 20/11345-56   | <b>Møtedato/<br/>Tid:</b> |  |
| <b>Stad:</b>       | Øygarden rådhus og Microsoft Teams  | <b>Møtenr.:</b>           |  |
| <b>Referent:</b>   | Thomas Bekkenes   |                           |  |
| <b>Til stades:</b> | Tom Georg Indrevik, Rune Lid, June Johannesen, Vagleik Brekke, Jens Eikås               |                           |  |
| <b>På Teams:</b>   | Anne Erdal, Rune Landro, Sissel Iren Nesse, Anne-Merete Vabø Haugane, Stein Inge Stigen |                           |  |

**SAKSLISTE**

| <b>Punkt til behandling</b>   | <b>Beskriving/status/oppfølging</b>   | <b>Konklusjon</b>  |
|---|---------------------------------------|--|
| <b>Forslag til nye regler om hjemmeopplæring under koronapandemien.</b> | <a href="#">Link til Høringsnotat</a> | <p>Skulane i Øygarden kommune har vanleg skulerute før jul. Det vi seie at skulane uendra har siste dag tysdag 22/12-20.</p> <p>KKL vurderer at smittenivået i kommunen som heilskap ikkje gjev høve til å seie at ein kan drive utvida bruk av heimeskule dei siste dagane før jul som preventivt verkemiddel. Skular som har driftsvanskar knytt til bemanning kan flytte delar av undervisninga over til heimeskule, desse dagane som praktisert fram til no.</p> <p><i>KKL vil likevel gje høve for einingsleiarar å planlegge for enno færre smittenettverk dei siste dagane før jul, om elles fagleg forsvarleg. T.d. ved å ha faste grupper med elevar og lærarar framfor eit faglærarsystem og klasseblandingar. Ei kan også lage til mindre grupper, om dette kan gje færre smittepunkt, sjølv om vi er i gul sone med lite smitte. Slike tiltak er å sjå på som kornatiltak i så måte (30040). Dette siste gjeld også andre einingar i oppvekst.</i></p> |

|   |   |   |
|---|---|---|
| <p><b>Breiddeidrett og bruk av kommunale hallar.</b></p>                      | <p>Skal vi framleis skal ha dei kommunale hallane stengde for breiddeidrett for personar over 20 år eller om vi skal opne for denne aktiviteten for denne gruppa under føresetnad av grupper på 20 stk. og 1 m avstand slik dei nasjonale reglane no tilseier.</p>                | <p>Fram til og med 3. januar er det ikkje høve for personar over 20 år nytta idrettshallar, symjehallar og andre kommunale innandørs anlegg/lokale i Øygarden til aktivitetar. Dette gjeld både for idrett, kor, korps og andre kulturaktivitetar. Det inneber også at det ikkje er lov å nytta anlegga/lokala til kampar, turneringar, treningssamlingar og andre arrangement.</p> <p>Bakgrunnen for restriksjonane er mellom anna knytt til utfordringar med reinhald og andre kommunale tenester som skal sikra forsvarleg smittevern.</p> |
| <p><b>Vaksinering av prioriterte ressursar i forbindelse med Covid 19</b></p> | <p>BKK har sendt e-post med et ønske om få 6 montører og 2 personar på driftssentralen vaksinert mot COVID19. 2 av tilsette bor i kommunen og 6 stk. jobbar med nettet i kommunen.</p> <p>Kraftforsyninga er peikt på som et av de 14 samfunnskritiske sektorane i samfunnet.</p> | <p>KKL tek innspelet til orientering.</p>   |
| <p><b>IKT – Flytting ut av rådhuset</b></p>                                   | <p>«finn sak»</p>   | <p>Dei startar opp igjen prosessen med å flytte ut til nye kontora.</p>   |
|   |   |   |